

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam formannskap	18.03.2014	007/14	SILA
Kvam heradsstyre	08.04.2014	016/14	ASSO

Avgjerd av: Saksh.: Astrid-Anett Steine	Arkiv: N-103.3 Objekt:	Arkivsaknr 13/218 - 14
--	---------------------------	---------------------------

Handlingsplan for barnevernet i Kvam

Samandrag:

Kontrollutvalet har i sak 28/12 bestilt forvaltningsrevisjon av barnevernet i Kvam herad og Deloitte har gjennomført forvaltingsrevisjonen. Arbeidet vart gjennomført i tidsrommet mars – september 2013.

I Deloitte sin gjennomgang av stikkprøver vart det funne døme på at barnevernstenesta ikkje alltid har dokumenter at den etterlever lovkrav på en tilfredsstillande måte. Barnevernstenesta kan i hovudsak kjenne seg igjen i vurderingane som Deloitte har kome fram til i sin rapport. På bakgrunn av funna i rapporten tilrår Deloitte 15 punkt til forbeting, viser her til forvaltningsrevisjon rapporten side 47.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradstyre tek til vitande rapporten frå forvaltningsrevisjonen og godkjenner handlingsplan for Kvam barnevern.

18.03.2014 Kvam formannskap

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke med 9 røyster

FSK-007/14 Tiltråding:

Kvam heradstyre tek til vitande rapporten frå forvaltningsrevisjonen og godkjenner handlingsplan for Kvam barnevern.

Saksordførar: Heidi Sandven Botnen, Krf

08.04.2014 Kvam heradsstyre

Framlegg til vedtak frå ordførar:

Tilråding frå FSK

Røysting:

Tilråding frå FSK vart samrøystes vedteke

HST-016/14 Vedtak:

Kvam heradstyre tek til vitande rapporten frå forvaltningsrevisjonen og godkjenner handlingsplan for Kvam barnevern.

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Dok.dato	Tittel	
05.03.2014	Framlegg til handlingsplan i tråd med tilråding i forvaltningsrevisjonsrapporten	
05.03.2014	Oppdatert rutinehandbok PDF	

Saksopplysningar:

Kvam herad kan i hovudsak kjenna seg igjen i dei vurderingane Deloitte har kome fram til i sin rapport. Tilrådingane frå Deloitte er i samsvar med planar for vidareutvikling av barnevernstenesta og Kvam familie og læringssenter.

I høyringsuttale til forvaltningsrevisjonen kommenterte Kvam herad ved rådmannen at den dokumentasjonen som Deloitte har gjennomgått ikkje nødvendigvis er representativ for og gjev eit fullstendig bilet av totalsituasjonen i barnevernstenesta. Deloitte har gått gjennom 16 aktive saksmapper av 123 aktive saker i barnevernet. Dette er eit relativt lite utval av det totale tal saker og rapporten gjev, etter kommunen si meining, i for liten grad uttrykk for at stikkprøvane ikkje nødvendigvis viser det fullstendige biletet av barnevernet i kommunen.

På bakgrunn av funna i forvaltningsrapporten kjem revisjonen med 15 tilrådingspunkt. Kort summert opp meiner Kvam herad at punkta handlar om behov for meir skriftleggjering av rutinar og vurdering av behov for nye/endra rutinar. Informasjon ut til samarbeidspartar må setjast i system og dette arbeidet må sjåast i samanheng med utviklinga av Kvam familie og læringssenter. Revisjonen tilrår også at kommunen vurderer behov for samarbeidet med andre kommunar, då Kvam herad er ein liten kommune og det kan vera sårbart med tanke på f.eks sjukdom.

Fleire av tilrådingspunktene var allereie endra på då forvaltningsrevisjonen kom med sin rapport. Endringane var gjort som ein følgje av omorganiseringsprosessen barnevernstenesta var midt oppi under forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisjonen trekker fram at dreininga barnevernstenesta jobbar med ved å endre fokus frå kompenserande tiltak til å retta fokuset mot endringstiltak er i tråd med føringane som er gitt av departementet i høyringsutkast til endringar i barneverslova.

Kommunen ser på rapporten som eitt verktøy i det vidare arbeidet med å utvikla barnevernet i Kvam herad i riktig retning. Rapporten er og ei hjelpe i vidareutviklinga av det tverrfaglege arbeidet i Kvam familie og læringssenter.

Vurdering:

Kommunen ser på forvaltningsrevisjonsrapporten som eit godt verktøy i arbeidet med å vidareutvikla barnevernet i Kvam herad i positiv retning. Gjennom rapporten har tenesta vorte kartlagt med tanke på kapasitet og kompetanse. Det er sett søkelys på om barnevernstenesta har tilfredstillande samhandling med andre, og om tenesta etterlever sentrale rettsreglar knytt til meldingar, undersøking, hjelpe tiltak og oppfølging og tilsyn med fosterheimar.

Rapporten peikar på mange positive sider ved barnevernet i kommunen og den kjem med tilrådingar på punkt som kan bli betre. I ei tid der barnevernet har vore og er i endring og omstilling, er ein forvaltningsrevisjonsrapport eit nyttig verktøy i det vidare arbeidet med å utvikla tenesta i tråd med lover og føringar og til beste for innbyggjarane i kommunen.

Alle punkta som rapporten peikar på knytt til forbetrinng av interne rutinar i barnevernstenesta er endra på. Punkt 1. om å utvikla eit system for systematisk informasjonsarbeid til skular, barnehagar og andre relevante samarbeidspartar vert jobba med i tråd med iverksetjinga av Kvam familie og læringssenter.

Punkt 5. peikar på at Kvam herad bør vurdera behovet for å samarbeid med andre kommunar om barnevernstenester. Kvam herad fekk i desember 2013 ein førespurnad frå Samnanger kommune om å få kjøpa barnevernstenester av Kvam. Kommunane er no i dialog med kvarandre for å vurdera tenlege løysingar knytt til samarbeid om barnevernoppgåver. Dersom

ein kjem fram til at samarbeid eller kjøp av tenester kan vera ei god løysing for begge kommunane, blir det lagt fram sak til heradstyret før sommaren.